

Måndag 18. mai, 2020

Kvalitets- og utviklingsmelding for grunnskulen i Sykkylven 2019/2020

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Kryss av for kven som har vore involverte i prosessen med å utarbeide tilstandsrapporten.

Medverknad i utarbeidinga av rapporten	Ja	Nei
Elevar og foreldre (f.eks. dialogmøte)		x
Organisasjonane	x	
Skolar	x	
Administrasjonen i kommunen/fylkeskommunen	x	
Politikarar i kommunen/ fylkeskommunen	x	

Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolene.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjerast vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstill informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultatata i dialogen med skoleeigaren.

Det generelle systemkravet

Skoleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skoleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål.

Innhald

1. Samandrag	4
2. Hovudområder og indikatorar	6
2.1. Elevar og undervisningspersonale	6
2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk.....	6
2.1.2. Lærartettleik.....	8
2.2. Læringsmiljø	11
2.2.1. Elevundersøkinga	11
2.2.2. Mobbing på skolen (prosent).....	16
2.3. Resultat	20
2.3.1. Nasjonale prøver 5. steget.....	20
2.3.2. Nasjonale prøver 8. trinn.....	23
2.3.3. Nasjonale prøver ungdomssteg	25
2.3.4. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk	28
2.3.5. Grunnskolepoeng	31
2.3.6. Skolebidrag 1.-4. trinn	34
2.3.7. Skolebidrag 5.-7. trinn	37
2.3.8. Skolebidrag 8.-10. trinn	38
2.4. Gjennomføring.....	39
2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO	39
2.5. Symjekompetanse etter 4. trinn.....	40
2.6. Særskilt norskopplæring og spesialundervisning	41
2.6.1. Elevar i kommunale og private grunnskular som får spesialundervisning (prosent)	41
2.6.2. Elevar i kommunale og private grunnskular som får særskilt norskopplæring (prosent) ...	42
2.7. Covid-19 forskrifta og stengte skular, statusrapport pr. mai 2020	43
3. System for oppfølging (internkontroll)	45
4. Konklusjon	46

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9.

1. Samandrag

Visjonen for Sykkylvsskulen er "Skaparglede og lærelyst" og hovudmålet i strategiplanen for skuleeigar er "Sykkylvsskulen gir barn og unge skaparglede og lærelyst for framtida gjennom god kvalitet i opplæringa i eit inkluderande, trygt miljø for alle".

Viktige grunnlagsdokument for korleis Sykkylvsskulen skal vere:

- [Strategiplan for skuleeigar](#), vedteken av kommunestyret 8. april 2019.
- [Pedagogisk plattform](#)
- [Kompetanseutviklingsplan 2019-2021](#)
- [Slik tek vi vare på elevane våre i Sykkylvsskulen](#)
- Kommunen si årlege Kvalitets- og utviklingsmelding (Tilstandsrapport)

Alle desse dokumenta ligg ute på heimesida til kommunen under overordna planar.

Kvalitets- og utviklingsmeldinga for grunnskulen, er den obligatoriske tilstandsrapporten som ifølgje opplæringslova § 13-10 skal utarbeidast årleg. Den skal gi lokale aktørar eit innblikk i, og vere eit grunnlag for å diskutere kvaliteten i opplæringstilbodet i den kommunale skulane i Sykkylven, og å setje utviklingsmål med bakgrunn i denne kunnskapen. Opplæringslova set som minstekrav at den årlege meldinga om skulen skal omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men andre resultat og data kan nyttast ut i frå lokale vedtak og behov. Kommunestyret har vedteke at symjeopplæringa og samarbeid mellom Sykkylven ungdomsskule og Sykkylven vidaregåande skule skal kommenterast. I tillegg har vi valt å skrive litt om lokale satsingsområde.

Ut i frå nasjonale satsingsområde og lokale resultat, som mellom anna kjem fram i denne rapporten, er følgjande prioriteringar valde for neste år:

- Sykkylvsskulen som felles arena for elevane våre i 1.-10. trinn, trygt og godt skulemiljø
- Rettferdig, effektiv og god ressursutnytting
- Fagfornyninga - innarbeide nye læreplanar og ny overordna del til læreplanen
- Kompetanseheving og vidareutdanning for lærarar

Lagt til som tilleggspunkt etter møte i Kommunestyret 22.06.2020:

Sykkylven kommunestyre ber kommunedirektøren fremje sak om Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa i Sykkylven fram mot 2025. Strategien bør fokusere på:

- Kunnskapsgrunnlag om digitalisering i skulen, med sikte på å oppnå datamaskindekning på ein til ein for elevane på ulike nivå, samt tidsplan for gjennomføring
- Personvern og informasjonstryggleik
- Deltaking i økosystem for digitale læremiddel og innkjøpsprosessar
- Kompetanse i bruk av teknologi hos elevar, lærarar og skuleeigarar

Vårsemesteret dette skuleåret har blitt heilt spesielt, med stengte skular frå 12. mars, med gradvis opning frå 27. april for 1.-4. trinn og for 5.-10. trinn frå 11. mai. På kort varsel skulle elevane gå frå fulle undervisningsdagar på skulen, til heimeundervisning på fulltid. Dette vart ei brå omveltning for både elevar og lærarar. Heldigvis har skulane gjort ei omlegging av digitale plattformer som gjorde det mogleg å setje i gang med heimeundervisning på kort varsel. G-Suit med Google Meet, Classroom og Hangout har

gjort at elevar og lærarar har hatt mykje kontakt heile denne perioden. Føresette har fått god informasjon gjennom Transponder. Tilbakemeldingane til skulane på jobben som er gjort, er positiv. Det var utfordrande for ein del lærarar å finne riktig nivå mellom for mykje og for lite heimearbeid spesielt i starten, og mange lærarar har vore tilgjengeleg omtrent døgnet rundt, medan andre regulerte dette frå starten. Nokre elevar har synast heimeundervisning har vore heilt topp, medan andre har hatt store utfordringar med at skuledagane har blitt meir teoretiske og krev god eigenstruktur. Elevar som ikkje har hatt tilgang til eige datautstyr, har fått låne dette av skulen. Nettilgangen i kommunen vår er variabel, så for nokre delar av bygda har dette vore ei utfordring. I år har også ungdomsrådet fått kome med innspel til tilstandsrapporten, då det er viktig at også ungdomane si stemme kjem fram når vi skal oppsummere og evaluere denne spesielle perioden.

Det kom også brått på at alle elevar i 5.-10. trinn + vidaregåande skule skulle tilbake til skulen i løpet av veke 20, samtidig som smittevernreglane skulle overhaldast. Nok ein gong viste skulane ei stor omstillingsevne og planar og rutinar kom fort på plass. Utfordringa kan verte knytt til skuleskyss, då det er same bussane som før skulestenginga som går, men med halv kapasitet pga. smittevernreglar. Det er gått ut ei oppfordring om at elevar som kan dette, går, sykklar eller vert køyrde av føresette.

Nye læreplanar vert innført frå 1. august 2020. Skulane har allereie begynt arbeidet med å setje seg inn i desse. Nedstenginga av skulane frå 12. mars til 27. april for 1.-4. trinn, og frå 11. mai for dei andre trinna, har ført til at ein del utviklingsarbeid er lagt litt på is. Skulane har vist stor evne og vilje til å snu om heile skulekvardagen og gjere denne digital. Dette har ført til eit kvantesprang når det gjeld digital kompetanse og moglegheiter for å nytte digitale verkty meir i undervisninga også framover. Elevane har i stor grad vist seg å takle den brå overgangen til heimeundervisning på ein god måte, sjølv om det for nokre elevar vert både krevjande og kjedeleg. Dei fleste elevar sakna nok skulen, kanskje først og fremst det sosiale miljøet.

Læringsmiljøprosjektet vert avslutta i vår, og både Vik, Sørestranda skule og PPT sit at med mange gode erfaringar i høve deltakinga. Ungdomsskulen fekk svært urovekkande resultat på Elevundersøkinga i år for 10. trinn. Dette vert det jobba med på mange felt vidare. Kompetansen og verktya som er tilført dei to skulane som har vore med i læringsmiljøprosjektet skal vidareførast, og også bli overført til dei andre skulane våre framover.

Sjølv om områda lesing og skriving i alle fag, symjeopplæring ikkje er ikkje er med som eigne punkt i prioriteringa over, er dei i aller høgste grad også med i vidare arbeid som før.

Skulane skal til sjuande og sist utdanne born som skal inn i yrke som i mange tilfelle enno ikkje er oppfunne. Då er det viktig at skulane heng med i samfunnsutviklinga og gir born og unge grunnlag for å bli aktive og demokratiske samfunnsborgarar. "*Kompetanse er å tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innebærer forståelse og evne til refleksjon og kritisk tenkning.*" (Def. av kompetansebegrepet i ny overordna del av læreplanen KL20).

2. Hovudområder og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomsteget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Lokale mål

Kompetanseutviklingsplanen for grunnskulen i Sykkylven, som gjeld fram til 2021, slår fast at målet er at alle som har behov for vidareutdanning for å oppfylle krava som vert innført frå 1. august 2025, skal få tilbod og støtte i samsvar med Kompetanse For Kvalitet-ordninga til Utdanningsdirektoratet. Kompetansekrava som kjem er at alle lærarar som skal undervise i faga norsk, engelsk og/eller matematikk må ha 30 studiepoeng i faga for å undervise i 1.-7. trinn, og 60 studiepoeng for å undervise på 8.-10. trinn.

Sykkylven kommune skoleeier – Antal elever og lærerårsverk – Alle trinn

Indikator og nøkkeltall	2017-18	2018-19	2019-20
Talet på elever	882	867	850
Årsverk for undervisningspersonale	94,0	83,9	90,9
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	93,9	92,7	95,8

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elever og lærerårsverk, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Sykkylven kommune skoleeier - Samanlikna med eigne skolar – Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2017-18	2018-19	2019-20
Talet på elever			
Sykkylven kommune skoleeier	882	867	850
Aure skule	129	147	144
Sykkylven ungdomsskule	300	283	289
Sørestranda skule	117	141	124
Tandstad skule (utgått)	48		
Ullavik skule	158	162	158
Vik skule	130	134	135
Årsverk for undervisningspersonale			
Sykkylven kommune skoleeier	94,0	83,9	90,9
Aure skule	15,3	16,8	16,2
Sykkylven ungdomsskule	32,8	29,1	32,3
Sørestranda skule	11,0	13,6	16,0
Tandstad skule (utgått)	8,7		
Ullavik skule	14,9	12,4	14,7
Vik skule	11,3	12,1	11,8
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning			
Sykkylven kommune skoleeier	93,9	92,7	95,8
Aure skule	86,4	82,0	94,5
Sykkylven ungdomsskule	94,6	100,0	96,4
Sørestranda skule	100,0	95,3	100,0
Tandstad skule (utgått)	100,0		
Ullavik skule	86,5	82,9	88,3
Vik skule	100,0	100,0	100,0

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elever og lærerårsverk, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Skoleeiers egenvurdering

Kompetanse for kvalitet-ordninga frå Utdanningsdirektoratet er prioritert når det gjeld vidareutdanning for lærarar. Dette skuleåret er det 7 lærarar som tek vidareutdanning anten via det regionale tilbodet gitt av NTNU i samarbeid med Sunnmøre Regionråd, eller ved Høgskulen i Volda. I tillegg er ein lærar ferdig med lærarspesialistutdanning med vekt på lese- og skriveopplæring 1.-10. trinn våren 2020. Andelen undervisningspersonale med godkjent utdanning er stigande, og vi håpar på å kome i mål til 1. august 2025.

Elles har vi same kjønnsfordelinga i Sykkylven som elles i landet, med stadig færre menn i undervisningsstillingar.

Talet på lærarar (som oppfyller kompetansekrav for tilsetjing) som underviser i faga dette skuleåret, fordelt på talet studiepoeng i faget	1.-7. årstrinn			8.-10. årstrinn			
	Minst 30 stp i faget	0-29 stp i faget	Sum lærarar som underviser i faget	Minst 60 stp i faget	30-59 stp i faget	0-29 stp i faget	Sum lærarar som underviser i faget
Norsk	44	4	48	13	1	0	14
Matematikk	28	16	44	5	0	3	8
Engelsk	18	4	22	9	1	0	10

Tala er henta frå GSI (Grunnskolens Informasjonssystem) pr. 1.10.2019.

Lærarar i grunnskulen, etter kjønn 2019 - i prosent

	Sykkylven	Møre og Romsdal	Landet u/Oslo
Menn	26,9	24,1	24,4
Kvinner	73,1	75,9	75,6

Det er behov for fleire mannlege lærarar i grunnskulen i Sykkylven.

2.1.2. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.


Lærartettleik i ordinær undervisning

Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt, mens andre kommunar fører dei på skolen i GSI. Dette kan til dømes vere timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.

Lokale mål

Lokalt mål er å oppfylle kravet til lærarnorm på alle trinn. For skuleåret 2019/2020 er kravet til lærarnorm i gruppestorleik vere 15 elevar på 1.-4. trinn og 20 på 5.-7. trinn og det same på 8.-10. trinn.

Sykkylven kommune skoleeier – Lærartettleik alle trinn



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta

frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Lærarnorma skal vere utrekna på skulenivå, og legg til grunn av skulane skal ha 1 lærar pr. 15 elevar på småskulen og 1 lærar pr. 20 elevar på mellomtrinn og ungdomstrinn til ordinær undervisning. I tillegg kjem det som skulane må bruke til tilpassa undervisning, gruppedeling, spesialundervisning, særskilt norskopplæring, utviklingsarbeid/funksjonar m.m.

For det som gjeld lærarnorma, viser GSI rapporteringa frå skulane at Sykkylven kommune samla sett pr. 1.oktober 2019 hadde ca. 8 lærarstillingar meir enn krava i lærarnorma. Altså til saman 8 lærarårsverk meir i den ordinære undervisninga enn minstekravet. Total blir det dette skuleåret brukt ca 60 lærarårsverk til ordinær undervisning i Sykkylvsskulen (5 kommunale grunnskular). Det er ikkje meininga at lærarnorma skal fungere som eit nivå som kommunane skal justere seg ned/opp mot, men det er å forstå som eit minstekrav for lærardekning. Staten fører årleg tilsyn med om skulane løyver nok pengar til skulane slik at lærarnorma er oppfylt.

Lærarnorm på dei ulike skulane:

Skule	Trinn	Resultat lærarnormkalkulator pr. 1.10.2019 (GSI)	Årsverk i høve lærarnormkrava
Aure	1.-4. trinn	12,9	+ 0,8
	5.-7. trinn	15,4	+ 1,0
Sørestranda	1.-4. trinn	9,1	+ 2,2
	5.-7. trinn	11,1	+ 2,7
Ullavik	1.-4. trinn	14,8	+ 0,1
	5.-7. trinn	16,9	+ 0,7
Vik	1.-4. trinn	15,0	0,0
	5.-7. trinn	16,1	+ 0,7
SUSK	8.-10. trinn	19,8	+ 0,2

Dvs. at alle skulane har oppfylt lærarnormkrava for skuleåret 2019/2020. Denne utrekninga bygg på skulane sine egne rapporteringar i GSI.

2.2. Læringsmiljø

2.2.1. Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkluderes og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Andel elevar som har blitt mobba (prosent):** Se eget diagram.


Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er andel mobbet som er i prosent.

Lokale mål Elevundersøkinga 2019/2020				
Skala 1-5 (Utheva tal i kolonna Nådd /ikkje nådd nivå, viser nådde mål.)	Status landet	Status Sykkylven	Nådd nivå / ikkje nådd nivå 2019/2020	Ønska nivå 2020/2021
	7. trinn	7. trinn	7. trinn	7. trinn
Læringskultur				
-Det er god arbeidsro i timane	3,5	3,8	3,5	3,8
-I klassa mi synast vi det er viktig å jobbe godt med skulearbeidet	3,9	4,0	4,0	4,0
Elevdemokrati og medverknad				
-Er de elevar med på å lage reglar for korleis de skal ha det i klassa?	3,4	3,2	3,4	3,4
-Er de elevar med på å lage reglar for korleis de skal ha det i klassa?	4,0	4,0	4,0	4,0
Trivsel				
-Trivs du på skulen?	4,3	4,2	4,3	4,3
Støtte frå lærarane				
-Opplever du at lærarane dine bryr seg om deg?	4,3	4,4	4,3	4,3
Vurdering for læring				
-Eg får hjelp av lærarane til å tenke gjennom korleis eg utvikler meg i faget.	3,8	3,8	3,9	3,9

Støtte heimanfrå				
-Heime viser dei interesse for det eg gjer på skulen.	4,4	4,3	4,4	4,4
Trygt og godt skulemiljø - i prosent				
-Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane?	5,7	4,2	5,6	5,6

Skala 1-5 (Utheva tal i kolonna Nådd /ikkje nådd nivå, viser nådde mål.)	Status landet	Status Sykkylven	Nådd nivå / ikkje nådd nivå 2019/2020	Ønska nivå 2020/2021
	10. trinn	10. trinn	10. trinn	10. trinn
Læringskultur				
-Det er god arbeidsro i timane	3,6	3,5	3,6	3,6
-I klassa mi synast vi det er viktig å jobbe godt med skulearbeidet	3,6	3,5	3,6	3,6
Elevdemokrati og medverknad				
-Er de elevar med på å lage reglar for korleis de skal ha det i klassa?	3,0	2,9	2,9	2,9
-Er de elevar med på å lage reglar for korleis de skal ha det i klassa?	3,5	2,8	3,5	3,5
Trivsel				
-Trivs du på skulen?	4,1	3,8	4,1	4,1
Støtte frå lærarane				
-Opplever du at lærarane dine bryr seg om deg?	3,9	3,7	3,9	3,9
Vurdering for læring				
-Eg får hjelp av lærarane til å tenke gjennom korleis eg utvikler meg i faget.	3,1	3,0	3,1	3,1
Støtte heimanfrå				
-Heime viser dei interesse for det eg gjer på skulen.	4,2	4,0	4,2	4,2
Trygt og godt skulemiljø - i prosent				
-Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane?	4,5	11,5	4,8	4,8


Sykkylven kommune skoleeier - Elevundersøkinga – 7. trinn – Begge kjønn



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019–2020, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Sykkylven kommune skoleeier – Elevundersøkinga – 10. trinn – Begge kjønn



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019-2020, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Det er utarbeidd nye målekort i samarbeid med KS Consult. Desse er under stadig bearbeiding, på den måten at utvalde målområde kanskje vil vere ulike frå år til år. Elevundersøkinga gir viktig informasjon som kan vise kva område skulane bør ha fokus på, både som del av Sykkylvsskulen, og på kvar einiskild skule. På både 7.- og 10 trinn ser vi at vi framleis at vi har meir å gå på når det gjeld elevdemokrati og medverknad. Det er ikkje slik at dette ikkje vert jobba med i skulane, men lærarar og elevar har kanskje framleis ulike oppfatningar om kva dette er og kva det inneber. Her er det viktig at lærarar set ord på aktivitetar som involverer elevane i prosessar og val, sjølv om elevane kanskje ikkje føler at dei får "bestemme".

Ungdomstrinnet skil seg i år ut med sjokkerande høge tal når det gjeld mobbing på skulen. Dette vert difor eit naturleg satsingsområde framover her. Meir om dette under neste kapittel. For barnetrinna er det jamt over gode resultat.

2.2.2. Mobbing på skolen (prosent)

Mobbing på skolen viser prosentdelen elevar som svarer at dei blir mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare.

Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.


Lokale mål

Kommunen har utarbeidd eit hefte for korleis vi tek vare på elevane våre i Sykkylvsskulen :

<https://www.sykkylven.kommune.no/tenester/skule/rutiner-handlingsplanar-og-skiema-for-skule-sfo/>

Kommunen arbeider mot ein nullvisjon når det gjeld mobbing og har stort fokus på at elevar skal oppleve å ha det trygt og godt på skulen.


Sykkylven kommune skoleeier – Mobbing på skulen – 7. trinn – Begge kjønn



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2019–2020, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Sykkylven kommune skoleeier – Mobbing på skulen – 10. trinn - Begge kjønn



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2019-2020, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Sykkylven kommune skoleeier – Mobbing på skulen – 10. trinn - Begge kjønn



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Resultatet for 10. trinn på ungdomsskulen når det gjeld kor stor del av elevane som opplever å bli mobba på skulen, var ein stor tankevekkjar som både skulen og kommunen tek på største alvor. Vi ser det som viktig at vi går bak desse tala og finn årsaka til at ein så stor del av elevane kryssar av for at dei vert mobba på skulen på elevundersøkinga. Her må vi ha fleire bein å stå på, og sjå på resultat av andre undersøkingar, kartleggingar og elevsamtalar. I tillegg vil vi undersøke om rutineane og oppfølginga av aktivitetsplikta knytt til trygt og godt skulemiljø vert følgt godt nok opp både på skuleeigar, skuleleiar og lærarnivå.

Kommunen har hatt fleire møte med skuleadministrasjonen om denne saka. Kommunalsjefen har også hatt samtalar med elevrådsleiarane og FAU-leiar for å få deira vurdering av resultatata. Dette har vore svært opplysende og meningsfulle samtalar som har fylt ut bildet av situasjonen. Det har også vore fokus på kva som bør gjerast vidare i saka.

Utdanningsdirektoratet (Udir) si Reflex-undersøking skal gjennomførast både på lærar-, skuleleiar- og skuleeigarnivå for å kartlegge om gjeldande rutiner for å avdekke og følgje opp skulemiljøsaker er gode nok. Kommunen tok umiddelbart kontakt med Fylkesmannen for å sjekke om vi kunne få ekstern assistens i arbeidet. Vi gjorde også eit forsøk på å kome inn i læringsmiljøprosjektet gjennom Udir i pulje 5. Her fekk vi avslag på søknaden fordi vi har hatt med to skular og to barnehagar i pulje 4. Det er også søkt om veilederkorps gjennom Udir og fylkesmann, men dette kom det også avslag på, med grunngjevinga at skulen ikkje har hatt svake resultat over tid. Ungdomsskulen har informert om og diskutert resultatet i elevrådet, FAU og SU. Informasjon om resultatata vart også sendt ut som informasjon til føresette via Transponder, der føresette kunne kome med tilbakemeldingar og innspel til skulen.

Vi ventar enno på resultatata av UngData-undersøkinga, som eigentleg skulle ha kome for fleire veker sidan. Det er interessant å sjå desse ulike undersøkingane opp mot kvarandre. Ungdomsskulen har gjennomført ei MOT-undersøking hausten 2019, som viste andre resultat (gode resultat) enn elevundersøkinga i høve mobbing. MOT-coachane skal involverast for å sjå alle undersøkingane i samheng. Det er også gjennomført ein ikkje-anonym kartlegging av klassemiljøet (Spekter) i forkant av elevsamtalane. På grunn av nedstenginga av skulane, har kanskje ikkje alle fått gjennomføre elevsamtalar og foreldresamtalar enno etter planen.

Elles har ungdomsskulen eit aktivt arbeid for eit godt sosialt miljø:

- 2 foreldrekveldar kvart år m aktuelle tema (Nettvett i januar)
- 2,5 miljøterapeut + uteskule (1 mill ekstra til hausten 2019)
- Sterkt fokus på tiltak som skal treffe med alternative tilbod
- Helsesøster 3 dagar pr veke
- Sosiale aktivitetar v. elevrådet
- Ulike opplegg der politiet orienterer i klassene, både om nettvett og lover og reglar
- MOT- 12 økter i løpet av 3 år.
- MOT for personalet- ein heil dag i fjor, 3 timar i år og neste år
- MOT- for foreldre I april
- Kurs i relasjonsleiing for personalet ved Jan Spurkeland
- Mobbeombodet, Kristin Øksenvåg, var på besøk og snakka med Elevrådet i fjor, og ho kjem tilbake i år.
- Opplegg om #Metoo 9.mars : <https://www.aftenposten.no/meninger/sid/i/e1VOPQ/billig-og-pulbar-metoo-kom-aldri-til-skolegaarden>

Sørestranda og Vik skular avsluttar prosjektperioden med rettleiing frå Læringsmiljøsentret denne våren. Dei rapporterer at dette har vore svært nyttig for å få auka kompetanse mellom anna med å avdekke og vere i forkant når det gjeld gode og trygge skulemiljø. Kompetanse om avdekking og verkty som skulane har fått til å finne elevar som ein mistenker ikkje har det trygt eller godt på skulen, gjer at ein kjem tidlegare inn og dei har også meir kompetanse og verkty i å handtere slike saker. Først og fremst har det blitt tydeleg kor viktig det er å ha dei føresette og eleven sjølv med i arbeidet i desse sakene frå tidleg av. Ein kan no analysere fleire oppretthaldande faktorar rundt eleven, framfor å berre sjå individretta på eleven sine utfordringar, og gjere noko med rammene rundt eleven. PPT, som også har delteke i prosjektet opplever å ha fått eit tettare samarbeid, gode refleksjonsgrupper og innsyn i saker og problemstillingar dei elles ofte ikkje høyrer mykje om.

Vik skule vil ta med seg dette i vidare arbeid:

1. En felles målsetting for utprøvingstiltaket* og læringsmiljøprosjektet er å sikre at ny kunnskap bevares og videreutvikles ved skolen. De ulike aktivitetene blir forankret i en **implementeringsplan**. Planen legger til rette for systematisk oppfølging av **Spekter, inspeksjonsplanen/inspeksjonsrutinene, kollegaobservasjon, lesing og refleksjon av relevant fagstoff**.
2. Vi kommer til å fortsette og bruke kollegaobservasjon som metode i det videre arbeidet med å utvikle skolemiljøet. Skoler som har et system for dette har større sannsynlighet for å lykkes med kollektiv kompetanseutvikling (Irgens, 2007). Kollegaobservasjon er også utprøvingstiltaket jeg har valgt gjennom studiet. Her fortsetter vi å bruke egenvurdering og observasjonsskjema som verktøy. Vi bruker UDIR sine skjemaer som bygger på forskningsbasert kunnskap.
3. Pedagogisk analyse kjem også til å bli nytta framover.

*Utprøvingstiltaket gjennom studiet «Skolemiljø og ledelse» er kollegaobservasjon. De to siste samlingene har handlet om kollegaobservasjon og kollektiv kompetanseutvikling. Observasjon er en anbefalt innfallsvinkel med tanke på kapasitetsbygging i organisasjonen. Den samme innfallsvinkelen har læringsmiljøprosjektet (fase 2).

Sørestranda skule oppsummerer slik:

- Prosjektet har medverka til felles haldning, og felles retningslinjer tilsette skal følgje ved mistanke om eller avdekking av mobbing
- Prosjektet har gjort tilsette tryggare, vågar å gå inn i sakene, kjenner til dokumentasjonskrava
- Elevar og foreldre har fått meir forståing for det arbeidet skulen er pålagt å gjere i saker vedk 9a

Kunne ha ramsa opp maaaaange gode effektar, den viktigaste for vår del er at ein ikkje eige problemet åleine, vi utgjer ei heilheit gjennom felles rutinar, felles haldningar og kollegarettleiing.

Sjølv om prosjektperioden i Læringsmiljøprosjektet er over, er arbeidet i aller høgste grad berre påbegynt. I det vidare skal vi ha fokus på å overføre kompetanse og verkty til dei andre skulane våre også.

2.3. Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

2.3.1. Nasjonale prøver 5. steget

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:


- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

Nasjonale prøver - 5. trinn - lesekompetanse (Snitt siste tre år)	Status landet	Status Sykkylven	Nådd / ikkje nådd nivå 2019/2020	Ønska nivå 2020/2021
Prosent elevar på meistringsnivå 2 og 3	76,7	71,9	76,1 - ikkje nådd	73,0

Sykkylven kommune skoleeier – Nasjonale prøver - 5. trinn – Begge kjønn



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, 2019–2020, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Sykkylven kommune skoleeier – Lesing – 5. trinn - Begge kjønn

Delskår	Sykkylven kommune skoleeier	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Mestringsnivå 1	23,8	23,2	22,7
Mestringsnivå 2	53,6	59,4	55,7
Mestringsnivå 3	22,6	17,4	21,6

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Lesing, Offentlig, 2019-2020, Trinn 5, Begge kjønn

Sykkylven kommune skoleeier – Regning – 5. trinn – Begge kjønn

Delskår	Sykkylven kommune skoleeier	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Mestringsnivå 1	27,6	22,2	23,5
Mestringsnivå 2	56,3	55,0	50,9
Mestringsnivå 3	16,1	22,7	25,7

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Regning, Offentlig, 2019-2020, Trinn 5, Begge kjønn

Sykkylven kommune skoleeier – Engelsk - 5. trinn – Begge kjønn

Delskår	Sykkylven kommune skoleeier	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Mestringsnivå 1	22,9	24,5	24,5
Mestringsnivå 2	53,0	49,5	49,4
Mestringsnivå 3	24,1	26,0	26,1

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Engelsk, Offentlig, 2019-2020, Trinn 5, Begge kjønn

Skoleeiers egenvurdering

Prosent	Lesing	Regning	Engelsk
Nivå 1	23,8	27,6	22,9
Nivå 2	53,6	56,3	53,0
Nivå 3	22,6	16,1	24,1
Sum prosent elevar på nivå 2 og 3	76,2	72,4	77,1

Vi ønsker framleis fokus på lesing i alle fag og på alle trinn. Frå hausten har vi ein lærarspesialist på ungdomsskolen, som også kan gi fagleg og oppdatert forskingsbasert kunnskap om lesing og skriving til mellomtrinnet.


Dei neste to åra skal ein lærar på ungdomsskolen utdanne seg til lærarspesialist i matematikk.

2.3.2. Nasjonale prøver 8. trinn

For utfyllende beskriving av målområdet, lokale mål og skuleeigar si eigenvurdering; sjå under neste kapittel.

Lokale mål
Sjå neste kapittel.


Sykkylven kommune skoleeier - Nasjonale prøver – 8. trinn – Begge kjønn



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Sykkylven kommune skoleeier - Nasjonale prøver – 8. trinn – Begge kjønn



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 8. trinn, Offentlig, 2019-2020, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Sykkylven kommune skoleeier – Engelsk - 8. trinn – Begge kjønn

Delskår	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Mestringsnivå 1	10,6	6,8	11,1	9,5	6,5
Mestringsnivå 2	17,0	27,2	20,2	20,3	16,8
Mestringsnivå 3	51,1	48,5	43,4	41,9	43,0
Mestringsnivå 4	17,0	10,7	18,2	17,6	23,4
Mestringsnivå 5	4,3	6,8	7,1	10,8	10,3

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Engelsk, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Sykkylven kommune skoleeier – Lesing – 8. trinn – Begge kjønn

Delskår	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Mestringsnivå 1	7,4	9,8	15,2	13,3	14,0
Mestringsnivå 2	33,7	27,5	26,3	14,7	9,3
Mestringsnivå 3	45,3	42,2	41,4	49,3	59,8
Mestringsnivå 4	7,4	16,7	12,1	13,3	11,2
Mestringsnivå 5	6,3	3,9	5,1	9,3	5,6

Sykkylven kommune skoleeier - Regning – 8. trinn – Begge kjønn

Delskår	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Mestringsnivå 1	10,5	7,8	10,0	10,7	5,7
Mestringsnivå 2	25,3	18,4	26,0	22,7	25,5
Mestringsnivå 3	43,2	46,6	40,0	34,7	43,4
Mestringsnivå 4	16,8	19,4	19,0	21,3	21,7
Mestringsnivå 5	4,2	7,8	5,0	10,7	3,8

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Skoleeiers egenvurdering

Sjå neste kapittel.

2.3.3. Nasjonale prøver 8. og 9. trinn

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

Nasjonale prøver - lesekompetanse 8. trinn (snitt over tre år)	Status landet	Status Sykkylven	Nådd/ikkje nådd nivå 2020	Ønska nivå 2021
% elevar på meistringsnivå 3, 4 og 5	74,4	69,0	70,0	
%-vis fleire elevar på nivå 4 og 5 i 8. trinn enn dei var på nivå 3 i 5. trinn		-3,8 prosentpoeng	Ikkje nådd	Progresjon på >+2 prosentpoeng

Nasjonale prøver - lesekompetanse 9. trinn (snitt over tre år)	Status landet	Status Sykkylven	Nådd/ikkje nådd nivå 2020	Ønska nivå 2021
% elevar på meistringsnivå 3, 4 og 5	83,8	80,7	84,0	

Sykkylven kommune skoleeier - Lesing – 9. trinn – Begge kjønn

Delskår	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Mestringsnivå 1					
Sykkylven kommune skoleeier	5,2	4,2	*	1,0	13,5
Møre og Romsdal fylke	5,5	5,3	5,5	5,8	6,0
Nasjonalt	5,3	5,4	5,1	5,8	6,0
Mestringsnivå 2					
Sykkylven kommune skoleeier	14,8	11,5	*	17,0	12,2
Møre og Romsdal fylke	15,1	12,0	12,4	12,6	11,1
Nasjonalt	14,4	11,1	11,6	11,0	9,2
Mestringsnivå 3					
Sykkylven kommune skoleeier	33,9	51,0	51,0	48,0	41,9
Møre og Romsdal fylke	36,5	39,2	39,6	39,9	38,6
Nasjonalt	33,3	35,8	36,3	36,9	35,8
Mestringsnivå 4					
Sykkylven kommune skoleeier	28,7	20,8	21,6	24,0	13,5
Møre og Romsdal fylke	27,3	24,5	25,7	27,3	28,2
Nasjonalt	27,0	24,6	25,6	26,7	29,7
Mestringsnivå 5					
Sykkylven kommune skoleeier	17,4	12,5	13,7	10,0	18,9
Møre og Romsdal fylke	15,6	19,1	16,8	14,4	16,2
Nasjonalt	19,9	23,1	21,5	19,6	19,3

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Alle eierformer og Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn

Sykkylven kommune skoleeier – Lesing – 9. trinn – Begge kjønn

Delskår	Trinn 9
Mestringsnivå 1	13,5
Mestringsnivå 2	12,2
Mestringsnivå 3	41,9
Mestringsnivå 4	13,5
Mestringsnivå 5	18,9

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2019-2020, Trinn 9, Begge kjønn

Skoleeiers egenvurdering

Sjå førre kapittel for skjema for 8. trinn.

Vi ser at lesing framleis må vere eit klart satsingsområde for alle trinn i grunnskulen. Usikker lesekompetanse gir som regel konsekvensar også i dei andre teoretiske faga. Det vert krevd ulike lese- og skrivestrategiar i ulike fag, knytt til kva som er faga sine læringsmål. Å lese og skrive skjønnlitterære tekstar er noko heilt anna enn å lese og skrive fagspesifikke tekstar i t.d. naturfag. Når det gjeld engelsk, ligg ungdomane i Sykkylven jamt over høgt i resultat samanlikna med fylket, kommunegruppa og landet.

At vi no har ein lærarspesialist som frå hausten skal ha lærarspesialistfunksjon først og fremst på ungdomsskulen, er vi svært glade for. Lærarspesialisten kan bidra med oppdatert og forskingsbasert kunnskap om lesing og skriving. Ho har også sagt seg villig til å trekke mellomtrinnet inn i dette arbeidet. M.a. kan ho hjelpe skulane til å arbeide betre med Nasjonale prøver spesielt i oppfølginga etter at resultatata ligg føre, både på individuelt elevperspektiv og trinnvis og ikkje minst i overgangen mellom barneskule og ungdomstrinn. Skulane kan nytte Nasjonale prøver mykje meir enn dei gjer i dag, til å finne fokusområde og tiltak for å betre resultatata til elevane. På sikt ønsker vi også ein lærarspesialist med spesiell kunnskap om begynnande leseopplæring for 1.-4. trinn, men her fann vi ikkje aktuelle kandidatar i år.

I staden har vi valt å satse på å utdanne ein lærarspesialist i matematikk. Denne utdanninga tek to år.

2.3.4. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Lokale mål

Det er ikkje satt opp lokale mål for dette området. Men vi ønsker naturlegvis å ligge rundt same nivå som dei vi samanliknar oss med.

Sykkylven kommune skoleeier – Karakterar matematikk, norsk og engelsk – 10. trinn – Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2016-17	2017-18	2018-19
Norsk hovedmål skriftlig eksamen			
Sykkylven kommune skoleeier	3,6	3,3	2,8
Møre og Romsdal fylke	3,4	3,4	3,4
Nasjonalt	3,4	3,5	3,4
Norsk hovedmål standpunkt			
Sykkylven kommune skoleeier	3,7	3,3	3,8
Møre og Romsdal fylke	3,8	3,9	3,9
Nasjonalt	3,8	3,9	3,9
Matematikk skriftlig eksamen			
Sykkylven kommune skoleeier	4,0	3,1	3,8
Møre og Romsdal fylke	3,4	3,5	3,6
Nasjonalt	3,4	3,6	3,6
Matematikk standpunkt			
Sykkylven kommune skoleeier	4,3	3,6	3,9
Møre og Romsdal fylke	3,6	3,6	3,7
Nasjonalt	3,6	3,7	3,7
Engelsk skriftlig eksamen			
Sykkylven kommune skoleeier	3,7	3,9	3,8
Møre og Romsdal fylke	3,7	3,7	3,6
Nasjonalt	3,8	3,7	3,7
Engelsk skriftlig standpunkt			
Sykkylven kommune skoleeier	3,9	3,7	3,7
Møre og Romsdal fylke	3,9	4,0	4,0
Nasjonalt	3,9	4,0	4,0

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Karakterer - matematikk, norsk og engelsk, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Sykkylven kommune skoleeier – Karakterar matematikk, norsk og engelsk, 10. trinn – Berre jenter

Indikator og nøkkeltall	2016-17	2017-18	2018-19
Norsk hovedmål skriftlig eksamen			
Sykkylven kommune skoleeier	3,7	3,3	3,4
Møre og Romsdal fylke	3,7	3,8	3,6
Nasjonalt	3,7	3,8	3,7
Norsk hovedmål standpunkt			
Sykkylven kommune skoleeier	3,9	3,9	4,2

Møre og Romsdal fylke	4,1	4,3	4,3
Nasjonalt	4,2	4,2	4,3
Matematikk skriftlig eksamen			
Sykkylven kommune skoleeier	4,1	3,5	3,7
Møre og Romsdal fylke	3,5	3,6	3,6
Nasjonalt	3,5	3,7	3,7
Matematikk standpunkt			
Sykkylven kommune skoleeier	4,4	3,7	4,1
Møre og Romsdal fylke	3,8	3,8	3,9
Nasjonalt	3,7	3,8	3,8
Engelsk skriftlig eksamen			
Sykkylven kommune skoleeier	4,1	3,9	4,2
Møre og Romsdal fylke	3,9	3,9	3,8
Nasjonalt	4,0	3,9	3,9
Engelsk skriftlig standpunkt			
Sykkylven kommune skoleeier	4,0	4,0	4,0
Møre og Romsdal fylke	4,1	4,3	4,2
Nasjonalt	4,2	4,2	4,2

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Karakterer - matematikk, norsk og engelsk, Offentlig, Trinn 10, Jenter

Sykkylven kommune skoleeier – Karakterar matematikk, norsk og engelsk - 10. trinn – Berre gutar

Indikator og nøkkeltall	2016-17	2017-18	2018-19
Norsk hovedmål skriftlig eksamen			
Sykkylven kommune skoleeier	3,4	3,4	2,1
Møre og Romsdal fylke	3,1	3,0	3,1
Nasjonalt	3,1	3,2	3,1
Norsk hovedmål standpunkt			
Sykkylven kommune skoleeier	3,4	2,8	3,4
Møre og Romsdal fylke	3,4	3,5	3,6
Nasjonalt	3,5	3,5	3,6
Matematikk skriftlig eksamen			
Sykkylven kommune skoleeier	3,9	2,7	3,8
Møre og Romsdal fylke	3,3	3,4	3,6
Nasjonalt	3,4	3,6	3,6
Matematikk standpunkt			
Sykkylven kommune skoleeier	4,2	3,4	3,7
Møre og Romsdal fylke	3,5	3,5	3,6

Nasjonalt	3,5	3,5	3,6
Engelsk skriftlig eksamen			
Sykkylven kommune skoleeier	3,3	3,9	3,2
Møre og Romsdal fylke	3,5	3,5	3,5
Nasjonalt	3,6	3,5	3,6
Engelsk skriftlig standpunkt			
Sykkylven kommune skoleeier	3,7	3,4	3,3
Møre og Romsdal fylke	3,7	3,7	3,8
Nasjonalt	3,7	3,8	3,8

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Karakterer - matematikk, norsk og engelsk, Offentlig, Trinn 10, Gutter

Skoleeiers egenvurdering

Eksamensresultata må vi seie oss nøgde med i 2019 når det gjeld engelsk og matematikk. I norsk ser vi at vi ligg ganske langt under resultata samanlikna med K07, fylket og nasjonalt. Samtidig ser vi også at det er eit stort sprik (ein heil karakter) mellom eksamensresultat og standpunkt i norsk skriftleg. Dette kan ha fleire årsaker, men bør ikkje vere noko som går igjen over fleire år. Isolert sett er det naturleg å tenke at kanskje eksamensoppgåvene var krevjande, men same oppgåvene vert jo gitt over heile landet. Sprik mellom standpunktkarakterar og eksamenskarakterar over tid, kan tyde på at ein bør ha fokus på kompetanseheving rundt vurderingskriterie, gjennom til dømes etablering av vurderingsfellesskap på tvers av skular. Fylkesmannen gjennomfører også sensorskulering for dei som meldar seg som sensorar. Her bør ulike lærarar få sjansen til å få denne erfaringa og kompetansen.

Vi ser også same tendensen som elles i landet at jenter har høgare resultat totalt sett enn gutar. Her kivist dei lærde om årsakene, og det er nok ei samansett problemstilling.

2.3.5. Grunnskolepoeng


Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål				
	Status landet	Status Sykkylven	Nådd/ikkje nådd nivå 2019/2020	Ønska nivå 2020/2021
Grunnskulepoeng (snitt siste tre år)	41,7	41,0	41,0	>41,0


Sykkylven kommune skoleeier – Grunnskulepoeng – 10. trinn – Begge kjønn



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskule, Grunnskulepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Sykkylven kommune skoleeier – Grunnskulepoeng – 10. trinn – Berre jenter



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskule, Grunnskulepoeng, Offentlig, Trinn 10, Jenter

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Sykkylven kommune skoleeier – Grunnskulepoeng – 10. trinn – Berre gutar



Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskule, Grunnskulepoeng, Offentlig, Trinn 10, Gutter

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Vi ser naturlegvis igjen tendensen mellom jenter og gutar også når det gjeld grunnskulepoeng sidan dette er summerte standpunkts- og eksamensresultat. Grunnskulepoenga får innverknad på søknadsprosessen til vidaregåande utdanning då dei er konkurransepoeng. Vi ser at det er same problemstillinga i heile landet når det gjeld resultatata mellom kjønna.

2.3.6. Skolebidrag 1.-4. trinn

Hva er skolebidragsindikatorer for grunnskolen?

Hver elev som begynner på en grunnskole har med seg mange forutsetninger som påvirker resultatene han eller hun får. Hva som kan tilskrives skolens innsats, er derfor uklart. For hva betyr egentlig lærernes evne til å formidle fag og motivere elevene, og skolens arbeid med læringsmiljøet og tilpasset opplæring, for elevenes resultater? Det er nettopp skolens innsats skolebidragsindikatorerne forsøker å vise.

For å kunne måle skolens bidrag, må vi skille ut den delen av læringsresultatet som skyldes forutsetningene elevene har med seg. Det kontrolleres derfor for tidligere elevprestasjoner. I tillegg

kontrolleres det for foreldrebakgrunn (foreldrenes utdanningsnivå, husholdningsinntekt og elevenes innvandringsbakgrunn).

Det finnes ikke tidligere resultater enn nasjonale prøver på 5. trinn. For indikatoren for 1.-4. trinn kontrolleres det derfor kun for familiebakgrunn. Den gir derfor ikke et så presist estimat på skolens bidrag sammenlignet med de andre.

Skolebidragsindikatorne gir ingen forklaring på hvorfor bidraget er som det er. De må sees i sammenheng med lokalt kunnskapsgrunnlag og annen tilgjengelig informasjon om skolens tilstand, slik som læringsresultater og læringsmiljø.

En indikasjon – ikke en absolutt sannhet

Det er forhold med betydning for elevenes resultater som vi ikke kjenner eller ikke kan måle. Det kan for eksempel være påvirkning fra familie og venner eller sykdom. Det er derfor ikke mulig å rendyrke skolens virkelige bidrag, men vi kan få en indikasjon på skolens bidrag.

Hvilke fag og emner sier indikatorene noe om?

Skolebidragsindikatorne på 1.-4. trinn og 5.-7. trinn sier noe om skolens bidrag til elevenes grunnleggende ferdigheter i engelsk, lesing og regning.

På samme måte er skolebidragsindikatorne på 8.-10. trinn et mål på skolens bidrag til elevenes læring i eksamensfaget eleven kommer opp i.

Utover dette, sier ikke indikatorene noe om skolens bidrag til elevenes læring i andre fag. Den sier heller ikke noe om skolens evne til å ivareta andre deler av skolens oppdrag.

Hvordan lese indikatorene?

En skolebidragsindikator kan tolkes som:

Forskjellen mellom det skolens elever faktisk oppnår (for eksempel snittkarakter på skriftlig eksamen 10. trinn) og det vi forventer at elever skal oppnå når vi tar hensyn til elevenes forutsetninger.

For å ta hensyn til elevgrunnlaget ser vi på elevenes tidligere resultater - f.eks. på nasjonale prøver 8. trinn for elever som avsluttet ungdomsskolen - og/eller familiebakgrunn (foreldres utdanning, husholdningsinntekt og innvandringsbakgrunn).

Dersom en skole har et faktisk resultat som er i tråd med forventet resultat vil skolebidraget være lik gjennomsnittet for alle skoler i landet – som er null.

Indikatorer med negativt fortegn indikerer at skolen har et skolebidrag som ligger under landsgjennomsnittet.

Indikatorer med positivt fortegn indikerer at skolen har et skolebidrag som ligger over landsgjennomsnittet.

En negativ verdi betyr altså ikke at skolen bidrar negativt til elevenes resultater, men at bidraget er mindre enn landssnittet. Skolebidrag er en relativ størrelse, hvor alle skolene måles mot et landssnitt.

Sjekk usikkerheten

Det er viktig å være forsiktig når man sammenlikner resultater som er basert på få elever. Én elev som presterer svært godt eller svært dårlig, vil påvirke gjennomsnittet mye mer på en liten skole enn på en stor skole. Desto flere elever et gjennomsnittsresultat er basert på, desto sikrere er vi på gjennomsnittet. For å synliggjøre at det er usikkerhet knyttet til de estimerte indikatorene presenterer vi et usikkerhetsintervall, som viser hvor sikre vi er på at skolens bidrag er forskjellig fra landssnittet.

På barnetrinnet, 1.-4. trinn og 5.-7. trinn benytter vi samme skala som på nasjonale prøver. På ungdomsskolen, 8.- 10. trinn vises resultatene som karakterpoeng (karaktersnitt på eksamen multiplisert med 10).

Dersom skolens bidrag er likt med landssnittet, vil skolebidraget være lik null.

Lokale mål

Det er ikkje sett opp lokale mål for dette området.

Sykkylven kommune skoleeier – Skulebidrag 1.-4. trinn – Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Forventet skalapoeng				
Sykkylven kommune skoleeier	49,0	49,2	49,5	49,6
Møre og Romsdal fylke	49,6	49,6	49,8	49,8
Nasjonalt	49,8	49,8	49,9	50,0
Faktiske skalapoeng				
Sykkylven kommune skoleeier	49,0	49,9	49,7	49,9
Møre og Romsdal fylke	49,1	49,0	49,5	49,5
Nasjonalt	49,8	49,8	49,9	50,0
Skulebidrag 1.-4. trinn				
Sykkylven kommune skoleeier	0,0	0,7	0,2	0,3
Møre og Romsdal fylke	-0,5	-0,6	-0,3	-0,3
Nasjonalt	0,0	0,0	0,0	0,1

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Skulebidrag 1.-4. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Skoleeiers egenvurdering

Skulebidragsindikatoren viser at skulebidraget i 1.-4. trinn er positivt, dvs. at skulen har positiv effekt på elevane grunna m.a. lærarens evne til å formidle fag og motivere elevane og skulen sitt arbeid med læringsmiljø og tilpassa opplæring. Usikkerheita er stor, frå -0,9 til 1,4. Dette kjem av av det er små utval sett i høve til t.d. nasjonalt.

Sjå elles beskrivelsen i innleiinga til dette kapittelet om skulebidragsindikator 1.-4. trinn for ein nærare forklaring på kva denne indikatoren viser. Denne forklaringa gjeld for alle trinna.

2.3.7. Skolebidrag 5.-7. trinn

Sjå under avsnittet Skolebidrag 1.-4. trinn.

Lokale mål

Det er ikkje sett opp lokale mål for dette området.

Sykkylven kommune skoleeier – Skulebidrag 5.-7. trinn – Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Forventet skalapoeng				
Sykkylven kommune skoleeier	49,5	49,2	49,0	49,3
Møre og Romsdal fylke	49,5	49,2	49,4	49,5
Nasjonalt	49,9	49,9	50,0	50,0
Faktiske skalapoeng				
Sykkylven kommune skoleeier	48,6	47,8	48,8	49,0
Møre og Romsdal fylke	49,3	49,1	49,3	49,3
Nasjonalt	49,9	49,9	49,9	50,0
Skolebidrag 5.-7. trinn				
Sykkylven kommune skoleeier	-1,0	-1,4	-0,2	-0,3
Møre og Romsdal fylke	-0,2	-0,1	-0,1	-0,2
Nasjonalt	0,0	0,0	0,0	0,0

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Skolebidrag 5.-7. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Skoleeiers egenvurdering

Skulebidragsindikatoren viser at skulebidraget i 5.-7. trinn er negativ, dvs. at skulen ikkje har bidrege positivt. Usikkerheita er stor, frå -1,1 til 0,4. Dette kjem av av det er små utval sett i høve til t.d. nasjonalt.

Sjå elles beskrivelsen i innleiinga til dette kapittelet om skolebidragsindikator 1.-4. trinn for ein nærare forklaring på kva denne indikatoren viser. Denne forklaringa gjeld for alle trinna.

2.3.8. Skolebidrag 8.-10. trinn

Sjå beskriving under Skolebidrag 1.-4. trinn.

Lokale mål

Det er ikkje sett opp lokale mål for dette området.

Sykkylven kommune skoleeier – Skulebidrag 8.-10. trinn – Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Forventet karakterpoeng				
Sykkylven kommune skoleeier	32,4	33,1	35,0	35,0
Møre og Romsdal fylke	33,5	33,7	34,7	35,4
Nasjonalt	33,6	34,0	35,1	36,0
Faktiske karakterpoeng				
Sykkylven kommune skoleeier	31,7	33,7	36,0	35,7
Møre og Romsdal fylke	33,6	34,0	34,8	35,5
Nasjonalt	33,6	34,0	35,1	36,0
Skolebidrag 8.-10. trinn				
Sykkylven kommune skoleeier	-0,7	0,6	1,0	0,7
Møre og Romsdal fylke	0,1	0,2	0,1	0,1
Nasjonalt	0,0	0,0	0,0	0,0

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Skolebidrag 8.-10. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Skoleeiers egenvurdering

Skulebidragsindikatoren viser at skulebidraget i 8.-10. trinn er positivt, dvs. at skulen har positiv effekt på elevane. Usikkerheita er stor, frå -0,5 til 1,9. Dette kjem av av det er små utval sett i høve til t.d. nasjonalt.

Sjå elles beskrivelsen i innleiinga til dette kapittelet om skulebidragsindikator 1.-4. trinn for ein nærare forklaring på kva denne indikatoren viser. Denne forklaringa gjeld for alle trinna.

2.4. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

Ein feil i Skoleporten gjer at overgangar frå grunnskule til VGO ikkje blir vist i mal for tilstandsrapport for offentlege skuleeigarar. Vi jobbar med å løysa problemet, og tilrår at ein inntil vidare hentar ut tala frå rapportbyggjaren i Skoleporten.

Lokale mål

Det er ikkje sett opp lokale mål for dette området.

Sykkylven kommune skoleeier – Overgang frå grunnskule til VGO – Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2017	2018	2019
Elever (16 år) som er registrert i videregående opplæring samme år som avsluttet grunnskole			
Hå kommune	98,9	97,6	99,2
Melhus kommune	97,9	99,5	*
Skaun kommune	98,9	100,0	98,9
Sula kommune	100,0	98,0	96,2
Sykkylven kommune	98,3	100,0	*

Sykkylven kommune skoleeier, Grunnskole, Overgangen fra grunnskole til VGO, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn

Skoleeiers egenvurdering

Sidan talet for Sykkylven er skjerma i år, er det vanskeleg å kommentere dette. Men over mange år ser ein at dei aller fleste eller alle elevar går frå grunnskulen og over i vidaregåande skule.

Sykkylven vgs - overgangar frå vg1 til vg2, alle utdanningstyper/-program	2015	2016	2017	2018	2019
Progresjon (prosent)	82,2	86,5	90,8	79,8	80,9
Ikkje-progresjon (prosent)	17,8	13,5	9,2	20,2	19,1

Vidaregåande skule er eit fylkeskommunalt ansvar. Det er likevel viktig at vi følgjer med i ev. fråfall og at det er eit samarbeid mellom grunnskulen og vidaregåande når det gjeld å førebygge at elevar dett ut av utdanningssystemet før fullført vidaregåande.

I kommunestyret er det vedteke at det skal rapporterast på samarbeidet mellom Sykkylven ungdomsskule og Sykkylven vidaregåande skule. Rektor på ungdomsskulen rapporterer dette:

På grunn av korona situasjonen og at alle har nok med sitt, så har det ikkje blitt så mykje samarbeid mellom ungdomsskulen og vidaregåande denne våren som vi tenkte, men vi har hatt litt samarbeid likevel.

20. april kalla rådgjevar frå ungdomsskulen inn til møte om:

Saker:

1. Delvis permisjon (rutiner og prosedyrer på vgs)

2. Lærekandidat (rutiner og prosedyrer på vgs)

3. HMS i bedrift for unge elever

4. Hvordan kan susk implementere rutinene/erfaringene for disse kandidatene ved søknad til vgs.

Punkt 1. er det i si heilheit vidaregåande som tek seg av.

Punkt 2. dersom det blir ei aktuell ordning for nokon som er elevar på ungdomsskulen, så samarbeider vi med vidaregåande, PPT og Opplæringskontoret (punkt 4.).

Ny rådgjevar på ungdomsskulen frå 1.8. er Geir Olav Øien, han vil halde kontakten med rådgjevar på vidaregåande Dagfinn Fredly og ansvarleg for spes.ped. Liv Hole.

Det har også vore to møter mellom ungdomsskulen og vidaregåande skule der skuleeigar har vore med, anten kommunalsjef oppvekst eller rådgjevar skule der samarbeid og felles rutinar har vore tema.

Det er gjennomført to utdanningsmesser, ei i Ålesund og ei lokalt i Sykkylven, i tillegg til hospitering for elevar frå ungdomsskulen på to sjølvvalde vidaregåande skular / tilbod i regionen.

2.5. Symjekompetanse etter 4. trinn

På grunn av nedstenginga i samband med Covid-19-forskrifta frå 12. mars, har ikkje skulane hatt moglegheit til å gjennomføre kartlegginga slik som planlagt. Men symjeundervisninga har vore gjennomført fram til stenginga. No ser det ut til at symjehallane kan opne opp att frå 1. juni.

2.6. Særskilt norskopplæring og spesialundervisning

Elevar i kommunale og private grunnskular som får særskilt norskopplæring (prosent) i 2019

Sykkylven	Møre og Romsdal	Landet u/Oslo
3,0	4,9	4,9

Elevar i kommunale og private grunnskular som får spesialundervisning (prosent) i 2019.

Sykkylven	Møre og Romsdal	Landet u/Oslo
12,4	9,2	7,8

For Sykkylven sin del, auka prosentandelen elevar med spesialundervisning frå 9,7 % i 2018 til 12,4 i 2019. Dette er ikkje den vegen vi ønsker å gå, men her er det fleire faktorar som spelar inn.

2.6.1. Elevar i kommunale og private grunnskular som får spesialundervisning (prosent)

Lokale mål

Lokalt mål er å nytte ressursane i skulen på best mogleg måte slik at alle elevar når sitt læringspotensiale i størst mogleg grad.

Spesialundervisning

	Elevar i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	
	2018	2019
1528 Sykkylven	9,7	12,4
EKA15 Møre og Romsdal	8,8	9,2
EKG07 KOSTRA-gruppe 7	7,1	7,3
EAKUO Landet uten Oslo	7,9	7,8

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Samla sett brukar kommunen dette skuleåret ca 24 årsverk til spesialundervisning. Av dei ca 850 elevane i den kommunale Sykkylvsskulen, er det ca 110 elevar som får spesialundervisning på grunnlag av sakkunnige vurderingar frå PPT og enkeltvedtak på skulane.

Når ein veit at bruk av spesialundervisning er svært høg i barnehagane og at bruken av spesialundervisning også er stor i grunnskulen, er det grunn for å anta at spesialundervisning er ein viktig kostnadsdrivar også på skuleområdet. Dette er i tilfelle ikkje ei ønska utvikling. Ein auke i bruken av spesialundervisning, som igjen medfører reduksjon i ressursar til ordinær, tilpassa opplæring, gjer drifta av skulane meir rigid og skaper ikkje den pedagogiske fleksibiliteten som trengst.

Det kan generelt vere ulike grunnar til at vi opplever eit høgt nivå på spesialundervisning:

- Endringar i styringa av skulen – lågare lærartettleik/mindre ressursar til ordinær opplæring over år gir mindre rom for tilpassa opplæring og elevar vert melde til PPT for å synleggjere behov, det er eit auka test- og kartleggingsregime frå tidleg i skulegangen, stort individperspektiv kontra systemperspektiv både på skule og PPT.
- Samfunnsendringar, med mellom anna auka kravmentalitet og auka fokus på individuelle rettar, aukande bruk av diagnosar og snevrare normalitetsomgrep, endringar i familiestruktur og heimeforhold, og auka kompetansekrav i arbeidslivet.
- Spesialundervisninga sin struktur, med auka bruk av PPT som sakkunnig instans og ressursutløysar, auka profesjonsinteresser mellom PPT/spesialpedagogar og kontaktlærarar/faglærarar med påfølgjande individfokus framfor systemfokus. Spesialundervisninga har også i nokon grad vore prega av «ein gong spesialelev, alltid spesialelev.»

2.6.2. Elevar i kommunale og private grunnskular som får særskilt norskopplæring (prosent)

Lokale mål

Lokalt mål er at alle som har behov for og rett til særskilt norskopplæring, skal få dette.

Særskilt norskundervisning

	Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norsksopplæring (prosent)	
	2018	2019
1528 Sykkylven	2,5	3,0
EKA15 Møre og Romsdal	5,2	4,9
EKG07 KOSTRA-gruppe 7	3,4	3,7
EAKUO Landet uten Oslo	5,2	4,9

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Vi ser at vi ligg noko lavt i andel elevar som får særskilt norskopplæring. Det er sett i gang ei arbeidsgruppe som skal sjå på både det formelle og det praktiske rundt denne undervisninga, for å sikre at vi følgjer opp elevane med minoritetsspråkleg bakgrunn på ein god nok måte. Vi har utarbeidd nokre lokale rutiner, som skal bearbeidast og forbetrast i løpet av året. Kartlegginga må også gjerast meir systematisk, og det er viktig at alle lærarar uansett fag, har ansvar for norskopplæringa til elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn.

2.7. Covid-19 forskrifta og stengte skular, statusrapport pr. mai 2020

Under dette kapittelet kjem ei lita oppdatering om saksbehandlar si oppleving av tida etter nedstenginga av skulane og fram til i dag. Det har ikkje vore prioritert å innhente skriftleg rapportering frå skulane, sidan dei må ha fokus på å følgje smittevernreglane for 1.-4. trinn og planlegge skuleopning for 5.-10. trinn. Informasjonen kjem difor som oppsummert inntrykk etter rektormøter og anna kontakt med rektorane via digitale plattformer.

12. mars vart alle skulane i landet stengt. Dette vert frå skulane si side vurdert som riktig og nødvendig, og stenginga kom i rett tid. Nokre foreldre hadde allereie dagen før stenginga valt å halde eigne born heime. Skulane sende ut informasjon om skulestenginga, og stort sett gjekk sjølve nedstenginga greitt for alle.

Lærarar kom for ein stor del fort i gang med undervisning via Google. Det var utfordrande for ein del lærarar å legge seg på eit nivå som var overkomeleg for både dei sjølve og elevane. Nokre jobba meir enn normalt, og var tilgjengeleg for elevar og føresette omtrent døgnet rundt, medan andre sette opp klare rammer og møtetider frå første dag. Reint teknisk var det også utfordrande for enkelte både lærarar og elevar/føresette, men for dei aller fleste har ting kome på plass etter kvart. Elevar som ikkje hadde tilgang til datautstyr heime, fekk låne dette av skulen. Kvaliteten på nettet er ei utfordring i enkelte delar av kommunen.

Rektorane rapporterer at alle elevar/føresette har hatt kontakt med lærarane sine i denne perioden; nokon meir enn andre. Det er nok også elevar som har slite med å strukturere arbeidet sitt og motivere seg for å gjere heimearbeidet, medan andre er sjølvdrivne i mykje større grad. Elevar som har hatt behov for tettare oppfølging har vore eit fokusområde for rektorane, og fleire elevar har hatt slik oppfølging anten med ein-til-ein-kontakt på nett, tilpassa oppgåver tilsendt/sendt i posten, eller opplegg

på skulen. Born av foreldre med samfunnskritisk arbeid har også fått tilbud når det har vore behov for det.

Lærarar som har vorte frigjorte, har fått andre arbeidsoppgåver, mellom anna gjennom den midlertidige Samordning korona-gruppa som vart danna. Dette var aktuelt i tida før påske, då det i løpet av påska vart klart at skulane gradvis skulle opnast opp igjen. Men lærarar og andre tilsette frå ungdomsskulen har fram til skuleopninga for 5.-10. trinn også vorte nytta ved behov på barneskulane, etter avtale mellom rektorane.

Evna og vilja til tilpassing har vore svært stor og god. Vi har all grunn til å vere stolte av den tida vi har vore gjennom, også i skulesektoren.

Før skuleopninga har rektor og personalet detaljplanlagt korleis smittevernreglane kunne følgjast opp når elevane no gradvis kjem tilbake. Smittevernsjokepleiar Turid Grebstad og leiar for reinhald, Janette Skjortnes, har vore rundt på alle skulane og fortalt korleis dette praktisk kan gjerast, og også bidrege til at tilsette har greidd å senke skuldrane mykje. Det er reint vatn og såpe som gjeld.

Ungdomsrådet sine medlemar høyrde i klassene sine kva tankar elevane der sit att med etter denne perioden, både av positivt og negativt. Dette er då elevar frå 9. og 10. trinn, i tillegg til to yrkesfagklasser på vidaregåande.

Positive signal som kom frå mange, var at det var kjekt å kunne strukturere dagane sine sjølve, sove lenger og spare reisetid til og frå skulen. Nokre likte godt å arbeide med skulestoffet på eiga hand heime, i staden for i klasserommet der det ofte kan vere litt uro. Det var betre å kunne legge opp til arbeidsperiodar sjølve, i staden for å måtte følgje skuletimar og friminutt.

Negative sider var først og fremst knytt til sagn etter det sosiale, det å sjå klassekameratar og vere saman. Sjølv om dei har hatt digitale møter, vert det ikkje det same. Nokre elevar meinte det vart for mykje heimearbeid, medan andre synast dei fekk for lite, og det vart kjedeleg.

Elevar på yrkesfag på vidaregåande synast også det var svært krevjande å ikkje ha tilgang til praktiske reiskap og praksislokale. Det har blitt mykje teori denne perioden. Mot slutten av terminen er det ofte litt tungt teoretisk stoff, som det er krevjande å arbeide med på eiga hand, utan å ha lærar lett tilgjengeleg. Praksisperioden vart kutta ned for dei som går Helse og oppvekstfag.

Alle er sjølvsgat glade for at dei får godkjente vitnemål sjølv om ikkje eksamen skal gjennomførast.

Ingen av ungdomane i rådet meinte kommunen burde ha gjort noko anna i denne perioden enn det som har vore gjort. Dei ser det spesielle i situasjonen, og forstår at ting må vere annleis i denne perioden. Dei opplever at ting har vorte lagt til rette på ein god måte.

3. System for oppfølging (internkontroll)

Skulenivå:

- Pedagogisk plattform
- Medarbeidersamtale einingsleiar / rektor - lærar
- Elevsamtalar kontaktlærar - elev
- Foreldresamtalar/utviklingsamtalar kontaktlærar - elevar og føresette
- Tverrfagleg samarbeid med andre kommunale tenesteytarar, t.d. ansvarsgrupper, fagteam
- Nasjonale prøver, eksamen, standpunktkarakterar, grunnskulepoeng og skulebidragsindikator
- Kartleggingsprøver, m.a. obligatoriske kartleggingsprøver frå Utdanningsdirektoratet og Kartleggeren
- Brukarundersøkingar, t.d. Utdanningsdirektoratet si Elevundersøking, Foreldreundersøking for skule, Lærlingundersøkinga, Lærerundersøkinga, Undersøking for flyktningtenesta/norskundervisninga for vaksne innvandrarar og SFO-undersøking frå Bedre kommune
- Ståstadsanalyse, RefLex (for både lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar)
- Rutinar og handlingsplanar, dokumentasjon og arkivering
- Drøftingsmøte med organisasjonane
- Møter med FAU/SU
- Mini-AMU

Leiarnivå:

- Pedagogisk plattform
- Resultatoppfølgingsmøte kommunalsjef - einingsleiar / rektor
- Medarbeidersamtalar kommunalsjef - einingsleiar / rektor
- RefLex (for både lærarar, skuleleiarar og skuleeigar)
- Kompetanse - og utviklingsplanar
- Leiarforum - kommuneleiing og einingsleiarar
- Rektormøte - rektorar på kommunale skular, kommunalsjef oppvekst, rådgjevar skule, oppfølging i høve årshjul for § 13-10 i opplæringslova
- Rektornettverk - rektorar på både kommunale skular og friskular, PPT, kommunalsjef oppvekst, rådgjevar skule
- Fellesmøter mellom styrarar og rektorar, rådgjevar barnehage og rådgjevar skule, kommunalsjef
- Drøftingsmøte med organisasjonane
- Kalkulator for lærarnorm
- GSI-rapportering pr. 1.10. kvart år

Politisk nivå:

- Skuleeigars strategiplan
- Saksframlegg, både referatsaker og politiske saker for vedtak i levekårsutvalet, formannskap og kommunestyre
- Kvalitets- og utviklingsmelding (årleg tilstandsrapport jf. § 13-10 i opplæringslova)
- Årsrapportering, både skulevis og overordna kommunal årsrapport (pga. av koronasituasjonen vert denne utforma litt anleis i år).

4. Konklusjon

For neste skuleår er følgjande område prioritert:

- Sykkylvsskulen som felles arena for elevane våre i 1.-10. trinn
- Trygt og godt skulemiljø for alle
- Rettferdig, effektiv og god ressursutnytting
- Fagfornyninga - innarbeide nye læreplanar og ny overordna del til læreplanen
- Kompetanseheving og vidareutdanning for lærarar

Tidlegare år har det vore sett opp fleire punkt, men mange av desse er allereie prioriterte oppgåver som skulane og kommunen aldri kan seie at vi har oppnådd og blitt ferdige med. Skulane skal arbeide for eit trygt, godt og inkluderande miljø for alle heile tida. I arbeidet for at elevane skal ha det trygt og godt, og nå sitt læringspotensiale, må skulane av og til samarbeide med andre instansar. Tverrfagleg kompetanse er viktig. Skulane ser dette m.a. gjennom at miljøterapeutar i større grad no arbeider med og rundt elevar. Det å sjå på systemet og rammene rundt elevar i utfordring er viktig, framfor å legge fokus på berre på faktorar ved eleven sjølv.

Skulane er lærande organisasjonar som må endre seg i takt med samfunnet elles. Digital kompetanse og bruk av digitale verkty er ein sjølvstøtt del av framtidssamfunnet, og no i vår har skulane verkeleg fått prøve seg i nye måtar å undervise på.

Vi ligg framleis høgt når det gjeld elevar som får spesialundervisning i anten gruppeundervisning eller åleine med lærar. Målet er at flest mogleg skal få nødvendig tilrettelegging og tilpassing i klasserommet saman med klassekameratane. Inkludering i gode klassefelleskap er viktig for å skape trygge og gode læringsmiljø. Språk, som inkluderer alt frå ord- og omgrepsforråd, kommunikasjon og bruk av språket i ulike kontekstar, og lesing i alle fag og av ulike typar fagtekstar, med evne til kritisk refleksjon og kjeldekritisk kompetanse, er viktig å øve på saman med andre elevar. Evne til å samarbeide, god sosial kompetanse, sjølvregulering og ei inkluderande haldning må lærast saman med andre, med dei vaksne som gode rollemodellar og rettleiarar.

Det er ikkje små krav som stillast til lærarane våre. Då er det viktig at dei tilgang til kompetanseheving og at dei har nødvendige ressursar tilgjengeleg. I "ressursar" ligg også tilgang til annan kompetanse enn den reint pedagogiske. Skulane ser auka behov for kompetansen som mellom anna vernepleiarar, miljøterapeutar og sosionomar sit inne med. Helsesjukepleiar får stadig større plass i skulen, og med god grunn. God psykisk helse, trivsel, livsmeistring og sjølvregulering er grunnleggande for at elevane skal kunne utvikle skaparglede og lærelyst.